



Arkivnr: 2015/11453-186

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Styret for Fagskolen i Hordaland		10.05.2019

Tilbudsstruktur for skuleåret 2019/2020

Samandrag

Budsjettramma for Fagskolen i Hordaland er på kr 97 295 000 i 2019. Av ramma er kr 87 414 000 statleg tilskot, og kr 9 881 000 fylkeskommunalt driftsbudsjett. Sak om tilbudsstruktur for skuleåret 2019/2020 er utarbeidd på bakgrunn av mellombels tilbudsstruktur som styret vedtok i november 2018, samt tal på søkjarar etter fristen 15. april 2019. I 2018 var det om lag 906 søkjarar medan det i 2019 er 1095 søkjarar. Det vil sei at det er omlag 200 fleire søkjarar i år enn i 2018. Det er spesielt bygg heiltid og anlegg på nett som har auka mykje. Følgjande tabell syner eit summert forslag til den totale tilbudsstrukturen ved fagskulen for skuleåret 2019/2020:

691	SUMMERT	Student- tal 1. år	Heilårsek vivalentar 1 år	2. År heiltid	2. år nett	3. år nett	Sum Total	søkjarar 1. år	avslag (-) / restplassar (+)	Budsjett
	Nordnes	450,00	337,07	93,00	159,32	88,27	677,66	716,00	-266,00	61 023 615,00
	Stord	60,00	60,00	21,00	-	-	81,00	61,00	-1,00	7 411 500,00
	Nygård	90,00	90,00	85,00	-	-	175,00	197,00	-107,00	16 012 500,00
	Austevoll	30,00	30,00	19,00	-	-	49,00	28,00	2,00	4 483 500,00
	Hjeltnes	25,00	16,75	14,87	-	-	31,62	18,00	7,00	2 893 230,00
	Voss	35,00	23,45	-	19,43	14,07	56,95	75,00	-30,00	5 210 925,00
	Fagskolen i Hordaland	690,00	557,27	232,87	178,75	102,34	1 071,23	1095,00	-395,00	97 035 270,00

Tabellen viser at det vert føreslått å opprette 690 nye studieplasser hausten 2019 fordelt på dei 6 studiestadene.

Forslag til vedtak

Følgjande tilbudsstruktur vert vedteke for Fagskolen i Hordaland skuleåret 2019/2020:

691	Fagskolen i Hordaland	Student- tal 1. år	søkjarar 2019
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N	40,00	57,00
	KEM /Tak og fasade FTB03N	-	0,00
	Bygg FTB01H	30,00	70,00
	Bygg FTB01N	60,00	75,00
	Automatisering FTE01H	30,00	47,00
	Automatisering FTE01N	30,00	61,00
	Elkraft FTE03H	30,00	60,00
	Elkraft FTE03N	60,00	113,00
	Maskinteknikk FTT04H	30,00	48,00

	Maskinteknikk FTT04N	30,00	55,00
	Maskinteknikk med ISO FTT11N	-	0,00
	Prosessteknikk FTK01H	30,00	35,00
	Prosessteknikk FTK01N	-	0,00
	Klassisk bygningshandverk FTB54H	-	0,00
	Klassisk bygningshandverk FTB54D	20,00	23,00
	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH14D	30,00	40,00
	Rehabilitering FHH04D	-	0,00
	Spesialreinhold FHH10D	30,00	32,00
Stord	Maskinteknikk FTT04H	30,00	32,00
	Maskinteknikk med ISO FTT11H	30,00	29,00
	Elkraft FTE03H	-	0,00
	Automatisering FTE01H	-	0,00
Nygård	Maskinoffiser FTM02H	30,00	57,00
	Dekksoffiser FTM01H	30,00	80,00
	Boring FTP01H	30,00	36,00
	Havbunnsinstallasjoner FTP04H	-	7,00
	CNC og robotteknologi FTT53H	-	0,00
	CNC og robotteknologi FTT53N	-	17,00
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H	30,00	28,00
Hjeltnes	Arborist FPS01D	-	0,00
	Lokal matkultur FTK51N	25,00	18,00
Voss	Anlegg FTB02H	-	0,00
	Anlegg FTB02N	35,00	65,00
	Rehabilitering FHH04D	-	10,00
	Totalt	690,00	1095,00

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 23.04.2019

Budsjettramma for Fagskolen i Hordaland er på kr 97 295 000 i 2019. Av ramma er kr 87 414 000 statleg tilskot, og kr 9 881 000 fylkeskommunalt driftsbudsjett. For meir informasjon om fylkesbudsjettet i 2019 sjå her: https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/rapportar-og-statistikk/andre-rapportar---pdf/budsjett-2019_hordaland-fylkeskommune_web.pdf

I 2018 var den totale ramma til Fagskolen i Hordaland om lag kr 93,6 mill., og det statlege tilskotet på om lag kr 82 mill., medan det fylkeskommunale driftsbudsjettet var på kr 11,6 mill. Såleis er det statlege tilskotet auka, og det fylkeskommunale driftsbudsjettet redusert. Auken i statstilskotet er løns- og prisvekst samt vidareføring av nye studieplassar som fagskulen fekk hausten 2018. Reduksjonen i det fylkeskommunale driftsbudsjettet må sjåast i samheng med nedtrekk i heile opplæringssektoren i Hordaland fylkeskommune. Vidare i denne saka vert det gjort forslag om tilbudsstruktur for skuleåret 2019/2020 basert på søkjartal etter søknadsfristen 15. april.

Søkjartal

Tabell 1 under syner tala på søkjarar etter 15. april i 2019 og 2018. Ved nokre av tilboda er det berre kvalifiserte søkjarar som er vist. Dette er tilbod som det er uvisse om bør starte opp på grunn av låge søkjartal eller få kvalifiserte søkjarar. Ved tilbod det står null er ikkje tilbodet lyst ut, og det har ikkje vore mogleg å søkje på desse tilboda det aktuelle året.

691	Fagskolen i Hordaland	søkjarar 2019	søkjarar 2018
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N	57,00	51,00
	KEM /Tak og fasade FTB03N	0,00	0,00
	Bygg FTB01H	70,00	43,00
	Bygg FTB01N	75,00	63,00
	Automatisering FTE01H	47,00	45,00
	Automatisering FTE01N	61,00	55,00
	Elkraft FTE03H	60,00	68,00
	Elkraft FTE03N	113,00	105,00
	Maskinteknikk FTT04H	48,00	51,00
	Maskinteknikk FTT04N	55,00	52,00
	Maskinteknikk med ISO FTT11N	0,00	0,00
	Prosessteknikk FTK01H	35,00	0,00
	Prosessteknikk FTK01N	0,00	49,00
	Klassisk bygningshandverk FTB54H	0,00	0,00
	Klassisk bygningshandverk FTB54D	23,00	0,00
	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH14D	40,00	37,00
	Rehabilitering FHH04D	0,00	16,00
	Spesialreinhald FHH10D	32,00	0,00
Stord	Maskinteknikk FTT04H	32,00	0,00
	Maskinteknikk med ISO FTT11H	29,00	0,00
	Elkraft FTE03H	0,00	23,00
	Automatisering FTE01H	0,00	0,00
Nygård	Maskinoffiser FTM02H	57,00	51,00
	Dekksoffiser FTM01H	80,00	70,00
	Boring FTP01H	36,00	24,00
	Havbunnsinstallasjoner FTP04H	7,00	9,00
	CNC og robotteknologi FTT53H	0,00	11,00
	CNC og robotteknologi FTT53N	17,00	0,00
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H	28,00	21,00

Hjeltnes	Arborist FPS01D	0,00	15,00
	Lokal matkultur FTK51N	18,00	13,00
Voss	Anlegg FTB02H	0,00	0,00
	Anlegg FTB02N	65,00	34,00
	Rehabilitering FHH04D	10,00	0,00
	Totalt	1095,00	906,00

Tabell 1. Søkjartal etter 15. april 2019 og 2018. Ved nokre tilbod syner ein berre talet på kvalifiserte søkjarar.

Tabell 1 syner at det var om lag 906 søkjarar i 2018 medan det i 2019 er 1095 søkjarar. Det vil sei at det er omlag 200 fleire søkjarar i år enn i 2018. Det er spesielt bygg heiltid og anlegg på nett som har auka mykje.

Tilbudsstruktur for Fagskolen i Hordaland 2019/2020

691	SUMMERT	Student- tal 1. år	Heilårsek- vivalentar 1 år	2. År heiltid	2. år nett	3. år nett	Sum Total	søkjarar 1. år	avslag (-) / restplassar (+)	Budsjett
	Nordnes	450,00	337,07	93,00	159,32	88,27	677,66	716,00	-266,00	61 023 615,00
	Stord	60,00	60,00	21,00	-	-	81,00	61,00	-1,00	7 411 500,00
	Nygård	90,00	90,00	85,00	-	-	175,00	197,00	-107,00	16 012 500,00
	Austevoll	30,00	30,00	19,00	-	-	49,00	28,00	2,00	4 483 500,00
	Hjeltnes	25,00	16,75	14,87	-	-	31,62	18,00	7,00	2 893 230,00
	Voss	35,00	23,45	-	19,43	14,07	56,95	75,00	-30,00	5 210 925,00
	Fagskolen i Hordaland	690,00	557,27	232,87	178,75	102,34	1 071,23	1095,00	-395,00	97 035 270,00

Tabell 2. Studenttal og budsjettfordeling ved Fagskolen i Hordaland fordelt på studiestad.

Tabell 2 syner forslag til tal på studentar og tilskot fordelt på dei seks studiestadene ved Fagskolen i Hordaland skuleåret 2019/2020. Andre kolonne syner tal på nye studentar som fagskolen kan ta inn, medan tredje kolonne syner talet på nye studentar som heiltidsekvivalent. Fjerde, femte og sjette kolonne syner tala på studentar rekna som heiltidsekvivalentar som er forventa å vere i utdanning på andre og tredje året i 2019/2020. Vidare syner tabellen at det er føreslått å starte opp med 690 nye studentar hausten 2019, 5 fleire studentar enn føreslått starta opp hausten 2018.

I november 2018 vedtok styret ein mellombels tilbudsstruktur for skuleåret 2019/2020 fram mot søknadsfrist 15. april 2019. Mellombels tilbudsstruktur frå november og søkjartala frå april 2019 danner grunnlag for endeleg tilbudsstruktur med justeringar. Vidare vert kvar studiestad omtalt for seg i høve til eventuelle endringar eller justeringar frå mellombels tilbudsstruktur.

Nordnes

691	Fagskolen i Hordaland	vektning	Student- tal 1. år	Heilårsek vivalentar 1 år	2. år heiltid	2. år nett	3. år nett	Sum Total	søklarar 1. år	avslag (-) / restplassar (+)	Budsjett
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N	0,67	40,00	26,67	-	18,67	15,33	60,67	57,00	-17	5 551 000,00
	KEM /Tak og fasade FTB03N	0,67	-	-	-	-	-	-	0,00	0	-
	Bygg FTB01H	1,00	30,00	30,00	26,00	-	-	56,00	70,00	-40	5 124 000,00
	Bygg FTB01N	0,67	60,00	40,00	-	34,00	18,00	92,00	75,00	-15	8 418 000,00
	Automatisering FTE01H	1,00	30,00	30,00	18,00	-	-	48,00	47,00	-17	4 392 000,00
	Automatisering FTE01N	0,67	30,00	20,10	-	24,79	13,40	58,29	61,00	-31	5 333 535,00
	Elkraft FTE03H	1,00	30,00	30,00	29,00	-	-	59,00	60,00	-30	5 398 500,00
	Elkraft FTE03N	0,67	60,00	40,20	-	40,20	21,44	101,84	113,00	-53	9 318 360,00
	Maskinteknikk FTT04H	1,00	30,00	30,00	20,00	-	-	50,00	48,00	-18	4 575 000,00
	Maskinteknikk FTT04N	0,67	30,00	20,10	-	18,09	11,39	49,58	55,00	-25	4 536 570,00
	Maskinteknikk med ISO FTT11N	0,67	-	-	-	-	-	-	0,00	0	-
	Prosessteknikk FTK01H	1,00	30,00	30,00	-	-	-	30,00	35,00	-5	2 745 000,00
	Prosessteknikk FTK01N	0,67	-	-	-	14,07	8,71	22,78	0,00	0	2 084 370,00
	Klassisk bygningshandverk FTB54H	1,00	-	-	-	-	-	-	0,00	0	-
	Klassisk bygningshandverk FTB54D	0,50	20,00	10,00	-	-	-	10,00	23,00	-3	915 000,00
	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH	0,50	30,00	15,00	-	6,00	-	21,00	40,00	-10	1 399 440,00
	Rehabilitering FHH04D	0,50	-	-	-	3,50	-	3,50	0,00	0	233 240,00
	Spesialreinhold FHH10D	0,50	30,00	15,00	-	-	-	15,00	32,00	-2	999 600,00

Tabell 3. Tilbudsstruktur 2019/2020 ved studiestad Nordnes.

Ved studiestad Nordnes vert det føreslått følgjande endringar:

- KEM N (Nettbasert) – auke frå 30 til 40 studieplassar
- Bygg H (Heiltid) – auke frå 30 til 60 studieplassar (2 klassar)
- Elkraft N – auke frå 30 til 60 studieplassar (2 klassar)
- Klassisk bygningshandverk D (Deltid) – reduksjon frå 30 til 20 grunna storleik på lokalitetar

Bakgrunnen for auken i talet på studentar er at det er høge søkjartal innan desse tilboda, samt at det er kapasitet i ramma grunna andre tilbod som ikkje har fått nok søklarar. Ved Klassisk bygningshandverk er det svært gode søkjartal med tanke på at dette er fyrste året, og at det er eit fag med smalare rekrutteringsgrunnlag enn ein del andre tilbod. Dette er ei utdanning som krev ein viss type utstyr og fasilitetar, og det vil derfor ikkje vere mogleg å ha 30 studentar.

Stord

691	Fagskolen i Hordaland	vektning	Student- tal 1. år	Heilårsek vivalentar 1 år	2. år heiltid	2. år nett	3. år nett	Sum Total	søklarar 1. år	avslag (-) / restplassar (+)	Budsjett
Stord	Maskinteknikk FTT04H	1,00	30,00	30,00	-	-	-	30,00	32,00	-2	2 745 000,00
	Maskinteknikk med ISO FTT11H	1,00	30,00	30,00	-	-	-	30,00	29,00	1	2 745 000,00
	Elkraft FTE03H	1,00	-	-	16,00	-	-	16,00	0,00	0	1 464 000,00
	Automatisering FTE01H	1,00	-	-	5,00	-	-	5,00	0,00	0	457 500,00

Tabell 4. Tilbudsstruktur 2019/2020 ved studiestad Stord.

Ved studiestad Stord vert det føreslått følgjande endringar:

- Maskinteknikk H auke frå 15 til 30 studieplassar
- Maskinteknikk ISO H – auke frå 15 til 30 studieplassar

I mellombels tilbudsstruktur var det føreslått at det skulle startast ein klasse innan maskinteknikk og ein innan maskinteknikk med ISO med 15 studentar kvar. Desse to klassane har mange felles emne, og ville vert slått saman i desse, og delt i dei emna som ikkje er like. Basert på dei høge søkjartala på Stord er det mogleg å starte ein full klasse innan kvar av tilboda.

Nygård

691	Fagskolen i Hordaland	vektning	Student- tal 1. år	Heilårsek vivalentar 1 år	2. år heiltid	2. år nett	3. år nett	Sum Total	søklarar 1. år	avslag (-) / restplassar (+)	Budsjett
Nygård	Maskinoffiser FTM02H	1,00	30,00	30,00	24,00	-	-	54,00	57,00	-27	4 941 000,00
	Dekksoffiser FTM01H	1,00	30,00	30,00	25,00	-	-	55,00	80,00	-50	5 032 500,00
	Boring FTP01H	1,00	30,00	30,00	24,00	-	-	54,00	36,00	-6	4 941 000,00
	Havbunnsinstallasjoner FTP04H	1,00	-	-	-	-	-	-	7,00	-7	-
	CNC og robotteknologi FTT53H	1,00	-	-	12,00	-	-	12,00	0,00	0	1 098 000,00
	CNC og robotteknologi FTT53N	0,67	-	-	-	-	-	-	17,00	-17	-

Tabell 5. Tilbudsstruktur 2019/2020 ved studiestad Nygård.

Ved studiestad Nygård vert det føreslått følgjande endringar:

- CNC og robotteknologi N – vert føreslått ikkje oppretta hausten 2019 på grunn av låge søkjartal

Det er 17 kvalifiserte søklarar til CNC og robotteknologi, og det bør vere om lag 25 for å få ein robust klassestorleik ved fagskolen. Hausten 2018 starta det opp ein klasse med 12 studentar fordi det var fyrste gong tilbodet var lyst ut. Fagskolen ønskjer å gå i dialog med næringa for å undersøkje kva som gjer at det ikkje er fleire søklarar.

Austevoll

691	Fagskolen i Hordaland	vektning	Student- tal 1. år	Heilårsek vivalentar 1 år	2. år heiltid	2. år nett	3. år nett	Sum Total	søklarar 1. år	avslag (-) / restplassar (+)	Budsjett
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H	1,00	30,00	30,00	19,00	-	-	49,00	28,00	2	4 483 500,00

Tabell 6. Tilbudsstruktur 2019/2020 ved studiestad Nygård.

Ved studiestad Austevoll er det ikkje føreslått endringar i høve til mellombels tilbudsstruktur. Ved dekksoffiser i Bergen vil det vere 50 søklarar som får avslag, og ofte ser ein at det blant desse er søklarar som har Austevoll på andre plass av sine ønskje. Såleis vil det vere mogleg å starte ein full klasse på 30 studentar i Austevoll.

Hjeltnes

691	Fagskolen i Hordaland	vektning	Student- tal 1. år	Heilårsek vivalentar 1 år	2. år heiltid	2. år nett	3. år nett	Sum Total	søklarar 1. år	avslag (-) / restplassar (+)	Budsjett
Hjeltnes	Arborist FPS01D	0,50	-	-	7,50	-	-	7,50	0,00	0	686 250,00
	Lokal matkultur FTK51N	0,67	25,00	16,75	7,37	-	-	24,12	18,00	7	2 206 980,00

Tabell 7. Tilbudsstruktur 2019/2020 ved studiestad Hjeltnes.

Det er 18 søklarar til tilbodet Lokal matkultur på Hjeltnes – ein auke frå i fjor. Det er ønskjeleg med fleire søklarar, men ein vil likevel tilrå at tilbodet vert starta opp hausten 2019. Fagskolen kan fortsette å marknadsføre tilbodet fram mot start for å forsøke å få fleire studentar i klassen til hausten. Med bakgrunn i dette er det ikkje føreslått endringar ved Hjeltnes i høve til mellombels tilbudsstruktur.

Voss

691	Fagskolen i Hordaland	vektning	Student- tal 1. år	Heilårsek vivalentar 1 år	2. år heiltid	2. år nett	3. år nett	Sum Total	søklarar 1. år	avslag (-) / restplassar (+)	Budsjett
Voss	Anlegg FTB02H	1,00	-	-	-	-	-	-	0,00	0	-
	Anlegg FTB02N	0,67	35,00	23,45	-	19,43	14,07	56,95	65,00	-30	5 210 925,00
	Rehabilitering FHH04D	0,50	-	-	-	-	-	-	10,00	-10	-

Tabell 8. Tilbudsstruktur 2019/2020 ved studiestad Voss.

Ved studiestad Voss vert det føreslått følgjande endringar:

- Anlegg N – auke frå 30 til 35 studieplassar
- Rehabilitering – føreslått ikkje starta opp på grunn av låge søkjartal

Tilbodet anlegg på Voss har svært gode søkjartal i år, og ein ser at tilbodet har fått større interesse enn tidlegare. Basert på dette og dei høge søkjertala ved bygg i Bergen bør ein vurderer om det skal lysast ut ein anleggsklasse i Bergen på heiltid skuleåret 2020/2021 i tillegg til tilbodet på Voss.

Ved tilbodet rehabilitering var det berre 10 kvalifiserte søkjarar. Av erfaring fell det frå nokre studentar fyrste semester, og det vil vere svært kostnadsnevjande å driva ein så liten klasse. Tilbodet vert derfor føreslått ikkje oppretta hausten 2019.